

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Stad kommune 2025-2029



Korleis handle
på best mogleg
måte ved mistenkt
eller erkjent vald i
nære relasjonar

Forord

Arbeid mot vald i nære relasjoner har vore eit nasjonalt satsingsområde. I regjeringa sin handlingsplan [Frihet fra vold](#) (2021-2024) skal ein gjennom fleire tiltak på kommunalt nivå førebygge og hindre denne form for alvorleg kriminalitet. Eit av tiltaka er auka bruk av kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjoner.

Stad kommune har ikkje hatt ein handlingsplan mot vald i nære relasjoner. Våren 2024 utarbeidde leiargruppa eit mandat for å få laga ein handlingsplan mot vald i nære relasjoner for Stad kommune. Ei arbeidsgruppe skulle utarbeide eit framlegg til revidert handlingsplan ved å nytte deltakarane sin samla kompetanse og kjennskap til organisasjonen og lokalmiljøet sine føresetnader for arbeidet med førebygging, avdekking og oppfølging av vald i nære relasjoner.

Prosjektansvarleg er kommunalsjef for oppvekst og opplæring, Harald Sivertsen. Arbeidsgruppa har bestått av Anett Munch Oen, spesialsjukepleiar Bu og miljøtenesta, Irene Svidal, sosialpedagogisk rådgjevar Nordfjordeid skule, Mari Solheim, helsejukepleiar og Britt Remme, einingsleiar barnevern.

Ei referansegruppe og alle einingsleiarar har fått moglegheit til å komme med innspel til arbeidsgruppa under prosessen. Samla sett gir dette eit heilskapleg bilde av korleis Stad kommune jobbar inn mot vald i nære relasjoner.



Innhald

Forord.....	1
Innleiing.....	3
Kva er vald i nære relasjoner?.....	3
Iddsområde i planperioden.....	4
Iddsområde 1: Forebygge og forhindre at vald i nære relasjoner skjer	5
Iddsområde 2: Avdekke vald i nære relasjoner	9
Iddsområde 3: Korleis handtere informasjon om vald i nære relasjoner.....	10
Plan for implementering	11
Kva skal du gjere?.....	11
Kven kan hjelpe/kvar kan du få hjelp.....	12
Lovverk.....	13

Innleiing

Gjennom ein godt implementert handlingsplan skal tilsette og andre innbyggjarar i Stad kommune ha nødvendig merksemd og tilstrekkeleg kunnskap til å kunne handle på best mogleg måte ved mistenkt eller erkjent vold i nære relasjoner.

Kommunen skal ha gode tiltak for korleis ein kan førebygge, avdekke og handtere vold i nære relasjoner. Kommunen skal samarbeide på tvers av ulike instansar i og utanfor eigen kommune, slik at skadeverknadane av vold vert avgrensa i størst mogleg grad. For å lykkast må innsatsen vere heilsakleg og samordna. Meir satsing på førebyggande arbeid og tidleg innsats retta mot barn og unge er fokus i denne planperioden.

Handlingsplanen skal vere tilgjengeleg og kunne nyttast av alle, og den skal vere brukarvennleg utarbeida. Handlingsplanen skal vere ei nyttig kunnskapskjelde og eit nyttig verktøy for alle innbyggjarane i Stad kommune.

Nasjonale myndigheter har utarbeida ein handlingsplan som ligg til grunn for Stad kommune sitt arbeid, [Frihet fra vold](#). Målet er at ein gjennom vår handlingsplan tek nokre viktige steg mot eit tryggare samfunn der friheit frå vold for alle blir ein realitet.

I tillegg baserer handlingsplanen seg på Stad kommune sin [Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035](#). Den skal blant anna skal bidra til å nå FN sitt berekraftsmål nr. 3, som handlar om å sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uavhengig av alder.

Også [Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035](#) har sentrale element som også ligg som eit grunnlag for denne handlingsplanen, jamfør [Mål - slik vil vi ha det](#).

Kva er vold i nære relasjoner?

I denne planen legg vi til grunn same forståing for omgrepene vold i nære relasjoner som i regeringa sin handlingsplan, Frihet fra vold:

«*Vold i nære relasjoner er ikke bare fysisk vold, men også psykiske, seksuelle og økonomiske overgrep mot en person voldsutøveren har en nære relasjon til. Det kan være vold fra nåværende eller tidligere partner, inkludert kjæreste, samboer og ektefelle. Det kan også være vold mot andre i nære relasjon, både barn, unge, voksne og eldre*». Vold i nære relasjoner omfattar også barn som er vitne til vold. (NKVTS)

Vold og overgrep kan ramme alle menneske, men enkelte grupper er særleg risikoutsette. Risikoer er ekstra stor i situasjonar der personar er avhengige av hjelp frå andre i kvardagen. Kvinner er i større grad utsett for alvorleg og gjenteken vold. Innvandrarkvinner er meir utsett for vold enn innvandramenn og kvinner i befolkninga elles. Eldre personar, personar med nedsett funksjonsevne og unge personar frå lhbtiq-miljø er meir utsett for vold i nære relasjoner enn befolkninga elles.

Vald mot tenestemottakarar som vert utøvd av tilsette kan ha visse fellestrekke til vald i nære relasjoner. Tiltak retta mot vald frå tilsett til tenestemottakar, mellom tenestemottakar og frå tenestemottakar til tilsett inngår ikkje i rammene for regjeringa sin handlingsplan, og difor heller ikkje i denne planen.

Innsatsområde i planperioden

Stad kommune skal gjere informasjon lett tilgjengeleg for menneske i alle aldrar og sette i verk tiltak for å førebygge, avdekke og handtere vald i nære relasjoner. Gjennom førebygging kan ein forhindre store menneskelege lidingar og spare samfunnet for store kostnader.

Regjeringa sitt fremste mål ([Frihet fra vold.](#)) når det gjeld førebygging, er å hindre at vald i nære relasjoner førekjem. God førebygging kan redusere behovet for meir inngrapande tiltak seinare. Det vil også kunne spare enkeltindivid og samfunnet for store kostnader, både menneskelege og økonomiske.

Betre tverrfagleg innsats – BTI-modellen

Stad kommune har fokus på at alle barn og unge skal ha ein trygg kvardag. Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er viktige faktorar i førebyggande arbeid mot vald i nære relasjoner. Stad kommune har tatt i bruk [BTI-modellen](#). Dette er ein samhandlingsmodell ulike einingar skal nytte når dei møter gravide, barn, unge og foreldre dei har ei bekymring for.

Hensikta med BTI-modellen er tidleg innsats, oppfølging og brukarmedverknad for det barnet og familien det gjeld (Forebygging.no). Informasjon om BTI i Stad kommune finn ein på nettsida: [BTI - Betre tverrfagleg innsats - Hovudportal](#). Her ligg informasjon om korleis ein jobbar innanfor BTI-modellen, med tilgang til informasjon, ulike verktøy og metodar. Der ligg også oversikt over ulike einingar sine tiltak [Tiltaksoversikt – Stad – BTI](#).

BTI nettportal Stad kommune



Når barn og unge treng hjelp

Det skal vere trygt og godt å vekse opp i Stad. Av og til oppstår likevel utfordringar som gjer at ikkje alle har det så bra. I vår kommune følger vi [BTI-modellen](#) for å sikre at barn og unge får den hjelpe dei treng.

[BTI-rettleiar >](#)

Innsatsområde 1:

Forebygge og forhindre at vald i nære relasjonar skjer

• MÅL

- Alle i Stad kommune skal vite kva vald og overgrep er, og at å utsette andre for dette er helseskadeleg og straffbart.
- Alle tilsette i Stad kommune får informasjon om temaet gjennom eininga sitt årshjul.
- Alle foreldre har tilstrekkeleg kunnskap om barn sine utviklingsbehov, for å sikre at ein er omsorgsfulle og utviklingsstøttande foreldre som gjev barna ein trygg oppvekst.
- Alle barn får informasjon om temaet på ulike arenaer dei oppheld seg.

Informasjon til **alle** i Stad kommune

Tiltak	Ansvar
<ul style="list-style-type: none">Plakatar og brosjyrar skal gjerast tilgjengeleg på offentlege kontor/stadar, barnehagar og skularLink til denne planen på stadkommune.no	<ul style="list-style-type: none">Alle einingar skal bidra for å distribuere materiell/informasjon



« Alle i Stad kommune skal vite kva vald og overgrep er, og at å utsette andre for dette er helseskadeleg og straffbart.

Kunnskap til **tilsette** i Stad kommune

Tiltak/ressursar	Ansvar
<p>Prosedyrar og rutinar som skal vere tema gjennom året</p> <ul style="list-style-type: none"> • HMS-årshjulet • Overordna HMS-handlingsplan for Stad kommune • Prosedyre for å førebyggje, handtere og følge opp tilsette som har vore utsett for vold og trugsalar om vold <p>Gjennomføre E-læringskurs om tema i KS-læring/veilederen.</p> <p>Alle skal ha kjennskap til BTI – betre tverrfagleg innsats</p> <ul style="list-style-type: none"> • BTI-rettleiarene • BTI-verktøykasse • Tiltaksoversikt i Stad kommune <p>Få kunnskap om tema gjennom desse ressursane</p> <ul style="list-style-type: none"> • TryggEst vern for risikoutsatte voksne Bufdir • Negativ sosial kontroll og æresrelatert vold – IMDI 	Alle einingar
Få kunnskap om tema gjennom desse ressursane:	Alle einingar som er i kontakt med vaksne
<ul style="list-style-type: none"> • Snakke med barn • Livet og sånn • Jeg Vet. • Stine Sofies stiftelse: Jegvilvite.no – for barn og voksne • Dinutvei - Nasjonal veiviser ved vold og overgrep • Trygg til handling, RVTS sin ressurs om vold og seksuelle overgrep for alle som jobbar med barn og unge • Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge – Helsedirektoratet Kunnskapsgrunnlag – Metoder for tidlig identifisering av risiko hos barn og unge. • Rutiner i skolens arbeid mot negativ sosial kontroll og tvangsekteskap • Negativ sosial kontroll og æresrelatert vold – IMDI 	Alle einingar som er i kontakt med barn og unge

Kunnskap til foreldre

Tiltak/ressursar	Ansvar
Svangerskapsomsorg	God Start
Temaet vert informert om til foreldre gjennom: <ul style="list-style-type: none"> • Svangerskapsomsorg • Helsestasjonsprogrammet <u>I trygge hender</u> • Foreldrerettleiingskursa <u>COS</u> og <u>ICDP</u> • Livet og sånn • <u>Stine Sofie foreldrepakke</u> 	Helsestasjonen
Tema på foreldremøter. <ul style="list-style-type: none"> • Livet og sånn 	Barnehagar
Tema på foreldremøter. <ul style="list-style-type: none"> • <u>Livet og sånn 1. - 7. trinn</u> • <u>Livet og sånn 8. - 10. trinn</u> 	Skular
Undervisning og samtalar. <ul style="list-style-type: none"> • <u>Prosjekt frihet</u> • <u>Dinutvei.no</u> - Nasjonal veiviser ved vold og overgrep • ICDP 	Opplæring og integrering

Informasjon til barn

Tiltak/ressursar	Ansvarleg
<ul style="list-style-type: none"> • 0 - 5 år - konsultasjoner ved helsestasjonen • 3. klasse - undervisning og samtale • 6. klasse - undervisning • 8. klasse - samtale og undervisning psykisk helse • 9. klasse - undervising <u>«Spør først»</u> • Elevteam (tverrfagleg møte) • 10.klasse besøker helsestasjon for ungdom (HFU) • Vidaregående - elevteneste (tverrfagleg møte) 	Helsestasjonen
Samtale med alle barn om temaet i løpet av barnehageåret. <ul style="list-style-type: none"> • <u>Barnas verneombud</u> og <u>samtalekort</u> • <u>Undervisning: Vold og overgrep, Redd Barna.</u> • <u>Jeg Vet</u> - barnehage 	Barnehagar
Undervisning og samtale med alle barn om temaet i løpet av skuleåret.	Skular

<ul style="list-style-type: none"> • <u>Undervisning: Vold og overgrep, Redd Barna.</u> • <u>Jeg Vet – 1. – 4. trinn</u> • <u>Jeg Vet - 5. - 7. trinn</u> • <u>Jeg Vet – 8. – 10. trinn</u> • <u>Jeg Vet – vgs</u> • <u>Livet og sånn – 1. – 7. trinn</u> • <u>Livet og sånn – 8. - 10. trinn</u> 	
• 5./6. klasse – førebyggande undervisning mot seksuelle overgrep	Nok. Sogn og Fjordane
• 6. klasse – nettvett delbart, undervisning og dialog	Politiet

«Alle foreldre har tilstrekkeleg kunnskap om barn sine utviklingsbehov, for å sikre at ein er omsorgsfulle og utviklingsstøttande foreldre som gjev barna ein trygg oppvekst.



Innsatsområde 2:

Avdekke vold i nære relasjoner

- **MÅL**

Alle tilsette i Stad kommune skal ha kunnskap, kompetanse og tryggleik nok til:

- å fange opp signal på om nokon kan vere utsette for vold og overgrep
- å snakke med den det gjeld om det dei ser og er uroa for

Fange opp signal på om nokon kan vere utsette for vold og overgrep

Tiltak/ressursar	Ansvar
Sikre at alle tilsette har kunnskap om innhold i <ul style="list-style-type: none"> • <u>Veileder for helse- og omsorgstjenestens arbeid med vold i nære relasjoner</u> • <u>Vold i nære relasjoner og menneskehandel</u> 	Alle eininger
Sikre at alle tilsette har kunnskap om innhold i <ul style="list-style-type: none"> • <u>Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet</u> 	Alle eininger som er i kontakt med barn og unge

Samtalekompetanse

Tiltak/ressursar	Ansvar
Alle tilsette skal gjennomføre kurs ein gong i året: <ul style="list-style-type: none"> • E-læringskurs frå RVTS: <u>Vold og seksuelle overgrep mot barn</u> • <u>Snakke med barn</u> • Digitalt kurs i regi av statsforvaltaren og regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS Vest). Tema er korleis samtale med barn og unge om vold og overgrep, og kurset blir arrangert to gonger i året (april og oktober). 	Alle eininger som er i kontakt med barn og unge

Innsatsområde 3:

Korleis handtere informasjon om vold i nære relasjoner

- MÅL**

- Alle tilsette skal vite korleis ein handterer informasjon om vold og overgrep og kven ein kan/skal kontakte.
- Alle i Stad kommune skal vite kvar dei kan ta kontakt for å få hjelp dersom ein blir utsett for vold, utset andre for vold eller treng hjelp for å unngå å utsette andre for vold.

Handtering av informasjon

Tiltak/ressursar	Ansvar
<p>Tilsette skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <u>Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet -Ansatte som arbeider med barn og unge bør handle på bakgrunn av bekymring for barn og unge</u> <u>Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet -Ansatte som arbeider med barn og unge bør ha god kunnskap om opplysningsplikten til barnevernstjenesten og avvergelsesplikten, og vite hvordan de skal handle for å overholde disse.</u> <u>Avvergingsplikt og meldeplikt ved vold, overgrep og utnytting - Politiet.no</u> <u>Avvergingsplikten - plikt.no</u> <u>Bekymringsmelding - Hovedportal (stad.kommune.no)</u> Brosjyre om vold 	Alle einingar

Kontaktinfo

Tiltak/ressursar	Ansvar
<ul style="list-style-type: none"> Brosjyre <u>Oversikt over ressursar lenger nede i denne planen</u> 	Alle einingar

Plan for implementering

Denne planen inneholder innsatsområde, mål, ansvarsfordeling og konkrete tiltak i høve arbeid mot vald i nære relasjoner. Den inneholder også informasjon om kor ein kan ta kontakt for å få hjelp.

Alle tilsette i Stad kommune skal ha god kjennskap til denne handlingsplanen. Det er viktig for å ha nødvendig merksemd på, og tilstrekkeleg kunnskap til å kunne handle på best mogeleg måte ved mistenkt eller erkjent vald i nære relasjoner. Alle tilsette skal gjennomgå tilstrekkeleg opplæring for å kunne førebygge, avdekke og handtere vald i nære relasjoner. Alle einingsleiarar skal implementere planens tiltak/ressursar i årshjulet til eininga og sørge for at alle tilsette får lik informasjon/opplæring. Planen skal vere eit oppslagsverk der tilsette kan finne informasjon og ressursar som kan nyttast i deira arbeid.

Planen skal og vere nyttig for alle som bur i Stad kommune, både for å vite korleis kommunen jobbar ut mot innbyggjarane i høve temaet, men og som eit oppslagsverk dersom ein lurer på kva vald er og korleis ein kan hjelpe andre eller få hjelp sjølv.

Planen skal vere tilgjengeleg for alle på kommunen sine nettsider og inneholder lenker til aktuelle nettsider. I tillegg vil det blir laga brosjyre med kortfatta informasjon om temaet og kontaktinformasjon til aktuelle hjelpeinstansar.

Alle kommunale einingar har ansvar for å formidle planen/brosjyren til innbyggjarar dei møter i sitt arbeid slik at kunnskap om temaet, innsatsområde og mogleg hjelp vert formidla til flest mogleg.

Handlingsplanen skal også gjerast synleg for bedrifter i Stad kommune som ikkje er kommunale, for å sikre at alle innbyggjarar og arbeidstakrar har god nok informasjon om arbeidet med å forebygge, avdekke og handtere vald i nære relasjoner. Dette må gjerast i samanheng med allereie eksisterande samarbeid og treffpunkt mellom kommunal og privat sektor.

Planen skal evaluerast etter gjeldande retningslinjer, på lik linje med andre planar i Stad kommune.

Kva skal du gjere?

Trygt samfunn – et ansvar for alle

«Samfunnet vårt er avhengig av at vi bryr oss og tar vare på hverandre.

Derfor har alle i Norge avvergingsplikt. Vi har alle plikt til å avverge alvorlige lovbrudd som drap, voldtekts, vold i nære relasjoner og seksuelle overgrep mot barn. Om det ikke er trygt for deg å gripe inn har du likevel plikt til å varsle politiet.

Husk at avvergingsplikten alltid går foran taushetsplikten!» - <https://plikt.no>

Avvergingsplikta i [straffelova § 196](#) gjeld for alle til ei kvar tid, og opphevar eventuell teieplikt. Du må ikkje vite sikkert at noko skjer, det kan vere nok å ha ein mistanke.

Er den som blir utsett for vald barn, kan du avverje enten ved å kontakte politiet på telefon 112 eller 02800, eller barnevernstenesta. Er du offentleg tilsett kan du og ha meldeplikt til barnevernstenesta etter [barneverslova § 13-2](#).

Er den som blir utsett for vold vaksen, kan du avverje ved å kontakte politiet.

Du skal ikke sette liv og helse i fare.

Du kan drøfte saker anonymt både hos politi og barnevernstenesta. Dei vil kunne gje råd om kva du skal gjere vidare.

Kven kan hjelpe/kvar kan du få hjelp

Det viktigaste du kan gjøre er å dele det med nokon!

Snakk med nokon du stolar på. Ingen skal bli utsett for vold!

Det er mange instansar som kan hjelpe, både om du trur/veit at nokon blir utsett for vold, om du sjølv blir utsett for vold, eller om det er du som utøver vold. Under er eit utval av aktuelle instansar du kan ta kontakt med for å søke råd eller be om hjelp.

Instansar i Stad kommune

- Fastlege [Eid](#) eller [Selje](#)
- [Helsestasjonen](#)
- [Psykisk helseteneste i kommunen](#)
- [Barnevernstenesta](#)
- [Nordfjord familievernkontor](#)

Fylkesvise eller nasjonale instansar

- [Alarmtelefonen for barn og unge 116 111](#)
- [Krisesenteret Sogn og Fjordane](#)
- [Nok. Sogn og Fjordane – Ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep](#)
- [Mental Helse - hjelppelinje 116 123](#)
- [Volinjen: Hjelppelinje for vold og overgrep i nære relasjoner 116 006](#)
- [Konfliktrådet](#)
- [Norges domstoler bistandsadvokat](#)
- Politi (02800)

Aktuelle nettressursar

- [Littsint – Sinnemestring for foreldre](#)
- [Dinutvei.no](#)
- [Alternativ til Vold](#)
- [Støttesenter for kriminalitetsutsatte](#)
- [Avvergingsplikt og meldeplikt ved vold, overgrep og utnytting](#)
- [Vern for eldre](#)

Hjelp på ulike språk

- [dinutvei.no/languages](#)
- [Volinjen languages](#)

Er du i ein akutt situasjon og treng hjelp umiddelbart kan du ringe:

Politi **112**

Medisinsk nødtelefon **113**

Legevakt **116117**

Akutt-telefon barnevern **459 76 206**

Lovverk

Det er mange lover som regulerer ulike instansar si hjelpe- og handlingsplikt.

[Her finn du ei samla oversikt over aktuelle lover.](#)